



DET KONGELEGE
UTANRIKSDEPARTEMENT

Prop. 30 S

(2012–2013)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Endringar i statsbudsjettet 2012 under Utanriksdepartementet

*Tilråding frå Utanriksdepartementet 16. november 2012,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Samandrag

Under *programområde 02 Utanriksforvaltning* blir det gjort framlegg om ein netto reduksjon i løyvingane på 986,9 mill. kroner. Endringane har i hovudsak samanheng med endra utbetalingstidspunkt for deler av løyvingane under EØS-finansieringsordningane og mindrebehov knytta til kontingentar i internasjonale organisasjonar som Noreg er medlem i.

Under *programområde 03 Internasjonal utviklingshjelp* blir det gjort framlegg om å omfordele 149,8 mill. kroner som følgje av mindrebehov på enkelte postar, m.a. er det rekna med mindre utgifter til opphald for flyktningar i Noreg enn budsjettet.

2 Forslag til løyvingar

Programområde 02 Utanriksforvaltning

Kap. 116 Deltaking i internasjonale organisasjonar

Post 70 Tilskot til internasjonale organisasjonar

Det blir gjort framlegg om reduksjon i løyvinga på 251 mill. kroner.

Reduksjonsforslaget på netto 251 mill. kroner skuldast i hovudsak mindreforbruk under FNs fredsoperasjonar (220 mill. kroner) og har samanheng med vedtak om nedskalering av fleire operasjonar i Darfur, Haiti, Liberia og Øst-Timor. I tillegg er utgiftene til nokre operasjonar blitt lågare enn budsjettet fordi ein ikkje har klart å plassere ut personell i planlagt tempo, som i Sør-Sudan. Vidare kan mindreforbruket knyttast til endringar i tidspunktet for utsending av innbetalingskrav og til den perioden som krava gjeld for.

Reduksjonsforslaget skuldast vidare reviderte budsjett, herunder endra valutakurs for m.a. kontingentar til EFTA (-31,127 mill. kroner), Nordisk ministerråd (+4,3 mill. kroner), Europarådet (-2,85 mill. kroner), FNs internasjonale domstolar (-2,37 mill. kroner), regulært bidrag til FN (+1,8 mill. kroner) Capital Master Plan (+1 mill. kroner), OECD, WTO (+0,6 mill. kroner), FAO, WHO, ILO og IRENA (netto -0,3 mill. kroner), Den internasjonale straffedomstolen (-0,3 mill. kroner) og OSSE (-0,3 mill. kroner).

Kap. 117 EØS-finansieringsordningane

Samla blir det foreslått ein reduksjon i løyvingane under kap. 117 EØS-finansieringsordningane på 735,936 mill. kroner fordelt på følgjande postar:

Post 72 EØS-finansieringsordninga 2004-2009, kan overførast

Det blir gjort framlegg om reduksjon i løyvinga på 155,936 mill. kroner.

Noreg, Island og Liechtenstein sitt sekretariat for EØS-finansieringsordningane i Brussel – Financial Mechanism Office (FMO) – som forvaltar ordninga har utarbeidd nye prognosar for kva som vil bli utbetalt under avtalen i 2012. Dei nye prognosane tilseier at løyvinga i år kan reduserast med 155,936 mill. kroner då resterande utbetalingar i 2012 blir dekkja av overført løyving frå 2011 til 2012.

Det er ikkje foreslått løyving under denne posten i statsbudsjettet for 2013. Det er lagt opp til at utbetalingar i 2013 blir dekkja av attverande løyving i 2012 som blir overført til 2013. Det blir lagt til grunn at det ikkje vil vera utbetalingar under EØS-ordninga 2004-2009 etter 2013.

Post 73 Den norske finansieringsordninga 2004-2009, kan overførast

Det blir gjort framlegg om ei tilleggsløyving på 20 mill. kroner.

FMO i Brussel som forvaltar ordninga, har utarbeidd nye prognosar for utbetaling under avtalen i 2012. Nye prognosar tilseier at løyvinga i år må aukast med 20 mill. kroner. Det auka behovet skuldast at avtalefesta, attendehaldne beløp vert utbetalt når endeleg sluttrapport for prosjekta er godkjende av FMO.

Post 75 EØS-finansieringsordningen 2009-2014, kan overførast

Det blir gjort framlegg om reduksjon i løyvinga på 300 mill. kroner.

Nye prognosar for utbetaling for 2012 frå FMO som forvaltar ordninga, tilseier at løyvinga under ordninga kan reduserast med 300 mill. kroner. Forslaget til reduksjon skuldast i hovudsak at framdrift av programma og tilhøyrande utbetalingar har vore for optimistiske. Nokre land treng meir tid på å utvikle program, og av dei innsende programma ser ein at det ofte er behov for ytterlegare informasjon frå programoperatørane før programma kan godkjennast. Dette har ført til at utbetalingane i 2012 er blitt vesentleg lågare enn forventta. Dette gjeld også post 76 Den norske finansieringsordninga under.

Post 76 Den norske finansieringsordninga 2009-2014, kan overførast

Det blir gjort framlegg om reduksjon i løyvinga på 300 mill. kroner.

Sjå omtale under post 75 ovanfor.

Programområde 03 Internasjonal utviklinghjelp**Kap. 151 Bistand til Asia***Post 72 Utviklingshjelp til Afghanistan og Pakistan, kan overførast*

Det blir foreslått å auka løyvinga på posten med 7,55 mill. kroner for å støtte eit prosjekt om institusjonsutvikling innan hydrologi og vassforsyning i Afghanistan. Prosjektet har så langt vore finansiert over kap. 161, post 70.

Kap. 160 Sivilt samfunn og demokratiutvikling*Post 70 Sivilt samfunn, kan overførast*

Det er eit meirbehov for støtte til prosjekt i regi av sivilt samfunn. Det blir foreslått at organisasjonar som arbeider med å betre mekanismen for fordeling i nokre sentrale land blir prioritert. Det vil bli lagt særskilt vekt på tiltak som støttar barns utdanning i konfliktområde og tiltak som medverkar til å kjempe mot korrupsjon og ulovleg kapitalflyt.

Det blir foreslått å auka løyvinga på posten med 30 mill. kroner.

Post 72 Demokratistøtte/parti, kan overførast

Det er motteke for få søknader til at løyvinga kan nyttast i år.

Det blir foreslått å redusere løyvinga på posten med 4 mill. kroner.

Kap. 161 Næringsutvikling*Post 70 Næringsutvikling, kan overførast*

Nye overslag tyder på at deler av løyvinga ikkje blir brukt i år. Mindreforbruket har dels samanheng med at utbetaling av ein blanda kreditt til Indonesia først skjer i 2013.

Det blir foreslått å redusere løyvinga på posten med 26,5 mill. kroner.

Kap. 163 Naudhjelp, humanitær hjelp og menneskerettar*Post 70 Naturkatastrofar, kan overførast*

Det vert gjort framlegg om auka støtte til tiltak gjennom FN's naudhjelpsfond, CERF.

Det blir gjort framlegg om ei tilleggsløyving på 20,241 mill. kroner.

Post 71 Humanitær hjelp, kan overførast

Det er behov for humanitær hjelp til flyktningar i leire m.a. i Kenya, Sudan og Etiopia. I denne samanhengen er det fleire gode prosjekt for lokal integrering som motverkar sekundærstraumar både i Sudan (Transitional Solutions Initiative gjennom UNDP) og i Etiopia.

Det blir gjort framlegg om ei tilleggsløyving på 32 mill. kroner.

Kap. 167 Flyktningiltak i Noreg, godkjende som utviklingshjelp (ODA)*Post 21 Spesielle driftsutgifter*

Løyvinga på denne posten omfattar utgifter til flyktningar i Noreg som etter OECD sine retningslinjer kan klassifiserast som offisiell utviklingshjelp. Dette er ordningar under Kunnskapsdepartementet, Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet og Justis- og beredskapsdepartementet, men den delen av utgiftene som kan klassifiserast som utviklingshjelp blir dekkja over budsjettet for utviklingshjelp.

Nye prognosar tilseier 105,991 mill. kroner i mindre utgifter enn rekna med tidlegare.

Det blir gjort framlegg om reduksjon i løyvinga på 105,991 mill. kroner.

Kap. 170 FN-organisasjonar m.m.*Post 76 Tilleggsmidlar via FN-systemet m.m., kan overførast*

Verdas helseorganisasjon WHO ivaretek ein sentral funksjon både som leiande normativ organisasjon for global helse, og som eit samordningsorgan for internasjonalt helsesamarbeid. For å kunne oppfylle denne rollen på best mogleg måte har organisasjonen med støtte frå medlemslanda igangsett ein omfattande og ressursmessig krevjande reformprosess. Noreg har gjennom styrevervet vore ein sterk pådrivar for reforma, med særleg vekt på den administrative delen. Det er framleis behov for støtte både fagleg og finansielt,

i denne kritiske fasen av reforma. Det blir gjort framlegg om ein auke i løyvinga på 10 mill. kroner.

Gjennom 2011 og 2012 har det vore eit viktig framsteg i kampen mot polio ved at polio er utrydda frå India. Det er difor viktig å intensivere innsatsen i dei tre landa som framleis har polio-smitte, Afghanistan, Nigeria og Pakistan. Det blir såleis gjort framlegg om ein auke i løyvinga på 50 mill. kroner til kampen mot polio gjennom WHO.

Det blir gjort framlegg om ein auke i løyvinga på til saman 60 mill. kroner.

Post 78 Bidrag andre FN-organisasjonar m.m., kan overførast

Det er mindreforbruk knytta til FN's fredsoperasjonar, jf. omtale under kap. 116 ovanfor.

Det blir gjort framlegg om reduksjon i løyvinga på 13,3 mill. kroner.

Andre saker**Kap. 166 Miljø og bærekraftig utvikling***Post 73 Klima- og skogsatsinga*

I klimameldinga er det lagt til grunn at Noreg skal satse på fleirnasjonale mekanismar som betaler for verifiserte reduksjonar av klimautslepp. Karbonfondet i Verdsbanken (Forest Carbon Partnership Facility) er for tida den einaste fleirnasjonale mekanismen som svarar på denne føringa.

Verdsbanken har no spurt Noreg om overføring av midlar til Karbonfondet. Verdsbanken ber om overføring av eit tilskot på 300 mill. kroner som det alt er gjort avtale om. I tillegg ber Verdsbanken om at Noreg vurderer å inngå ny avtale om ytterlegare støtte.

Verdsbanken er fondsforvaltar og juridisk avtalepart med skoglanda og ønskjer at midlar blir utbetalt til Karbonfondet før Verdsbanken skriv under avtalar med nye land. Det norske bidraget vil gjere at REDD+-landa i samarbeid med Verdsbanken kan planlegge større innsatsar og vil også bidra til å gjere fondet meir attraktivt for andre gjevarar. Karbonfondet vil vere viktig for å få fleire skogland til å auke innsatsen mot avskoging.

Midlane som blir foreslått overført til Karbonfondet i år vil ikkje bli utbetalt til skoglanda med ein gong, men vil bli nytta som tryggleik for å gje tilsegn om utbetalingar ved framtidige verifiserte utsleppsreduksjonar. Dette medfører behov for unntak frå stortingsvedtak av 8. november 1984, jf. forslag til vedtak.

Endringar i statsbudsjettet 2012 under Utanriksdepartementet

Utanriksdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet 2012 under Utanriksdepartementet.

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bede om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet 2012 under Utanriksdepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag til vedtak om endringer i statsbudsjettet 2012 under Utanriksdepartementet

I

I statsbudsjettet for 2012 blir det gjort følgjande endringer:

Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
116		Deltaking i internasjonale organisasjonar	
	70	Tilskot til internasjonale organisasjonar, blir redusert med frå kr 1 261 698 000 til kr 1 010 698 000	251 000 000
117		EØS finansieringsordningane	
	72	EØS-finansieringsordninga 2004-2009, <i>kan overførast</i> , blir redusert med frå kr 155 936 000 til kr 0	155 936 000
	73	Den norske finansieringsordninga 2004-2009, <i>kan overførast</i> , blir auka med frå kr 150 961 000 til kr 170 961 000	20 000 000
	75	EØS-finansieringsordninga 2009-2014, <i>kan overførast</i> , blir redusert med frå kr 436 500 000 til kr 136 500 000	300 000 000
	76	Den norske finansieringsordninga, <i>kan overførast</i> , blir redusert med frå kr 382 200 000 til kr 82 200 000	300 000 000
151		Bistand til Asia	
	72	Bistand til Afghanistan og Pakistan, <i>kan overførast</i> blir auka med frå kr 574 500 000 til kr 582 050 000	7 550 000
160		Sivilt samfunn og demokratiutvikling	
	70	Sivilt samfunn, <i>kan overførast</i> blir auka med frå kr 1 318 000 000 til kr 1 348 000 000	30 000 000
	72	Demokratistøtte/parti, <i>kan overførast</i> blir redusert med frå kr 4 000 000 til kr 0	4 000 000
161		Næringsutvikling	
	70	Næringsutvikling, <i>kan overførast</i> blir redusert med frå kr 309 000 000 til kr 282 500 000	26 500 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
163		Naudhjelp, humanitær hjelp og menneskerettar	
	70	Naturkatastrofar, <i>kan overførast</i> blir auka med frå kr 525 000 000 til kr 545 241 000	20 241 000
	71	Humanitær hjelp, <i>kan overførast</i> blir auka med frå kr 2 218 200 000 til kr 2 250 200 000	32 000 000
167		Flyktningtiltak i Noreg, godkjende som utviklingshjelp (ODA)	
	21	Spesielle driftsutgifter, blir redusert med frå kr 1 424 874 000 til kr 1 318 883 000	105 991 000
170		<i>FN-organisasjonar m.m.</i>	
	76	Tilleggsmidlar via FN-systemet m.m., <i>kan overførast</i> , blir auka med frå kr 778 400 000 til kr 838 400 000	60 000 000
	78	Bidrag andre FN-organisasjonar m.m., <i>kan overførast</i> , blir redusert med frå kr 305 600 000 til kr 292 300 000	13 300 000

II

Utbetaling av tilskot til Karbonfondet

Stortinget samtykkjer i at Utanriksdepartementet i 2012 får unntak frå stortingsvedtak av 8. november 1984 om utbetaling av gitte løyvingar på følgjande måte:

Utbetaling av tilskot til Verdsbanken sitt karbonfond (Forest Carbon Partnership Facility Carbon Fund), kan gjerast i samsvar med regelverket i Karbonfondet.

=====

